

Lindås kyrkjelege fellesråd - trøng for vedlikehald av kyrkjebygg i 2017 - Melding (HTML)

Fil Melding

Søppelpost Slett Svar Svar alle Videresend Mer Saker til politisk ... Til overordnet Gruppe-e-post Flytt Regler OneNote Merk som ulest Kategoriser Følg opp Koder Oversett Redigering Zoom Ignorer X Slett Svar alle Svar Hurtigtrinn Flytt Handlinger Zoom

Fra: Torgeir Paulsen <Torgeir.paulsen@lindas.kyrkja.no>
Til: Hogne Haugsdal
Kopi:
Emne: Lindås kyrkjelege fellesråd - trøng for vedlikehald av kyrkjebygg i 2017

Sendt: man. 13.02.2017 12:14

Eg viser til telefonsamtale av i dag.
Kyrkjeleg fellesråd viser vidare til «Oversyn over akkumulert vedlikehald for kyrkjebygga i Lindås» med vedlegg, sendt Lindås kommune den 29. mai 2016.

I dette skrivet peikar kyrkjeleg fellesråd på fleire prosjekt som ein ønskjer å få gjort noko med i åra som kjem. Det er likevel slik at det prosjektet som står først på lista, er reparasjon av blyglas-vindauga i Alversund kyrkje.

Det er loddninga som held glas-bitane på plass i bly-rammene som no er blitt så morkne at det er akutt fare for at glas kan falle ut av rammene. Dersom dette skjer, er det med eitt spørsmål om å rekonstruere vindauga, og ikkje berre reparere dei. Alversund kyrkje er den einaste kyrkja i Lindås som har denne typen blyglas, og det vil vere eit kulturelt tap dersom vindauga blir skadd eller øydelagde.

Økonomisk ramme for dette arbeidet vart i 2015 stipulert til NOK 1.1 mill. Dersom det finnast tilgang på ekstraordinære midlar i 2017 til å gjennomføre restaurering av alle eller nokre av desse vindauga, er dette eit føremål som vil glede fleire enn dei som går regelmessig i kyrkja.

for Lindås kyrkjelege fellesråd,

Torgeir Paulsen
Kyrkjeverje i Lindås